


DETALJREGULERINGSPLAN TILLEGGSAREAL TIL "STEINBROT TINDADALEN", DEL AV GNR. 7 BNR. 1 OG 4, VALEVÅG

SVEIO KOMMUNE



FØRESEGNER

Oktober 2012

§1.0 GENERELT

§1.1 Det regulerte området er synt med grenseliner på plan datert 18.10.2012.

§1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande formål:

1. Bebyggelse og anlegg
Steinbrot og masseuttak
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
Kjøreveg, V1-V2
3. Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift
Skogbruk, S1-S2
Friluftsmål, F1
4. Omsynssoner
Frisikt, H140_1-H140_2
Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar), H370_1

§1.3 Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er stadfesta kan det ikkje gjerast gjeldande privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

§1.4 Innanfor ramma av plan- og bygningslova med forskrifter kan kommunen gjera mindre vesentlege unntak frå reguleringsplanen når særlege grunnar talar for det.

§1.5 Ved sidan av desse reguleringsføresegnene gjeld minerallova, forureiningsforskrifta, plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggeforskrifter.

§ 2.0 FELLESE FØRESEGNER

§ 2.1 Kulturminne

Tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt, jfr. lov om kulturminne av 1978 nr.50, §8, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndigheitene varslast om tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

§ 3.0 BEBYGGELSE OG ANLEGG

§ 3.1 Steinbrot og masseuttak

- § 3.1.1 I området for steinbrot og masseuttak kan det drivast uttak, knusing og lagring av stein. Inngrepa skal liggja innanfor formålsgrense for masseuttak og ikkje under det kotenivå som er vist på plankartet (lågaste tillete planeringshøgde = kote +26).
- § 3.1.2 Tiltaket er eit vesentleg terrenginngrep som krev søknad og løyve etter Plan og bygningslova § 20-1. Godkjenninga er ein forutsetnad for drift.
- § 3.1.3 Drift skal skje i samsvar med driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal til ei kvar tid vere godkjent av direktoratet, og skal normalt ajourførast kvart 5. år eller når direktoratet finn det naudsynt. Driftsplanen skal vise omfang av uttaket og skal angje uttaksvolum, skråningsvinkel og vegetasjonsetablering. Direktoratet for mineralforvaltning vil, med grunnlag i driftsplanen, også føre tilsyn med uttaket. Sveio kommune skal ha driftsplanen til uttale og også godkjenne den.
- § 3.1.4 All drift og tilbakestilling til landbruksføremål etter avslutta drift skal skje etter ein til kvar tid gjeldande driftsplan. Som ein del av driftsplanen for steinbrotet skal det lagast ein avslutningsplan som viser terrengmessig utforming av inngrepsområda når uttak av stein er avslutta. Når ein får meir detaljert kunnskap om førekomsten etter kvart som drifta går fram, kan avslutningsplanen reviderast. Avslutningsplan skal godkjennast av Sveio kommune. Etter avslutta drift skal alle bygningsmessige tiltak, skrot og søppel fjernast.
- § 3.1.5 Utslepp av støy, støv og andre utslepp frå masseuttaket må ikkje vere til ulempe for grunnvassførekomst, og skal til ei kvar tid liggje innanfor rammer fastsett av Miljøverndepartementet. Dersom nivåa vert uakseptable i høve til grenser sett i m.a. forureiningslova og T-1442 om Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, må tiltak iverksettast.
- § 3.1.6 Det kan førast opp mobile anleggs- og kvilebrakker, samt containerar i området. Samtlege bygningar og konstruksjonar skal fjernast når drifta av masseuttaket er ferdig.
- § 3.1.7 Skjeringar og fyllingar skal utformast på ein tiltalende måte. Der det er naudsynt skal topp skjering og fylling sikrast med gjerde. Eventuelt sikringsgjerde skal vere min. 1,0m høgt.
- § 3.1.8 Ved sprenging i nærleiken av 300 KV høgspantlina som går over planområdet, må det nyttast trege tennarar eller normaltennesystem. Salva skal dekkjast forsvarleg og Sunnhordland Kraftlag AS skal varslast før sprenging.
- § 3.1.9 Driftstida for anlegget skal leggjast til kl. 07.00-20.00 måndag til fredag, laurdag mellom kl. 07.00-18.00 og inga drift på søndagar og på heilagdag.

- § 3.1.10 Dår drifta i anlegget er avslutta skal arbeidet med rehabiliteringa av området for å sette det i stand i samsvar med reguleringsplan og drifts-/avslutningsplan vere iverksett. Området skal, når det er ferdig rehabilitert, ikkje skilje seg vesentleg ut frå kringliggjande areal, og heile planområdet skal vere av slik karakter at det skal over til LNF- område. Området skal dekkast til med lausmasse og jord. Steinbrotet skal vere avslutta og sett i stand etter godkjend avslutningsplan innan år 2022.
- § 3.1.11 Etter avslutning skal terrenget ikkje vere lågare enn kote +26. Gjennomsnittleg terrengfall skal ikkje vere brattare enn 1/1.

§ 4.0 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Kjøreveg

- § 4.1.1 Køyrevegane V1 og V2 omfattar eksisterande køyrevegar innanfor planområdet. V1 skal nyttast som tilkomstveg til/frå steinbrotet. Regulert breidde for V1 er 6,0m. Regulert breidde for V2 er 5,0m.
- § 4.1.2 Mindre endringar i vegføringar kan tillast når detaljplanlegging gjer det naudsynt.

§ 5.0 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT

§ 5.1 Skogbruk

- § 5.1.1 Det er sett av to område til skogbruk, S1-S2. I området kan det drivast skogbruk. Inngrep utover normal drift er ikkje tillete.

§ 5.2 Friluftsmål

- § 5.2.1 Innanfor området F1 skal vegetasjonen bevarast, og området skal fungere som ein buffersone/ lebelte mot fylkesvegen og den gamle ferdavegen i sør (15m frå den gamle ferdavegen). Buffersona skal også redusere innsynet til masseuttaket frå nærliggjande busetnad.
- § 5.2.2 Beplantning, skilt og opparbeiding av mindre rasteplass kan tillast. Plan for dette skal godkjennast av kommunen.

§ 6.0 OMSYNSSONER

§ 6.1 Frisikt

- § 6.1.1 H140_1 - H140_2 er regulert til område for frisikt. Arealet vil i planen vere kombinert med andre føremål. Innanfor frisiktsona skal det ikkje vere sikthindringar som stikk høgare enn 0,5 m over vegbanen på tilstøytande veg.

Enkeltstående tre, stolpar o.l. kan stå i sikktrekanten, men krav til sikkerheitssoner i hb.231 Rekkverk må vere tilfredsstilt. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

§ 6.2 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)

§ 6.2.1 H370_1 er regulert til område for høgspenningsanlegg. SKL har ei 300 KV høgspenninglinje som går gjennom planområdet. Denne har i planen ei sikringssone på 19,0m til kvar side. Avstand frå fase til terrengnivå er ca. 32,0m.

§ 6.1.2 Arbeid skal ikkje føregå nærare enn 10m til ytterfase. Dersom arbeidet skal kunne tillatast nærare enn 10m (horisontalavstand), må sakkunnig driftsleiar for nettselskapet SKL gi samtykke i dette. I samband med dette må det kontrollmålast avstandar frå 300 kV- lina til terreng, avklarast sprengingsteknikk, type boreutstyr med spesiell høgde over terreng, samt avverge mogleiken for at eventuell steinsprut kan kome til å skade dei straumfarande linjene.

Dato: 20.06.2012

Rev: 18.10.2012

